

Referat/ protokoll 10.februar 2021

Råd/utval: Stord kyrkjelege fellesråd.

Tid: Onsdag 10.februar 2021 kl 17.00

Møtestad: Stord Kyrjekontor

Desse møtte: Fellesrådet: Dag Sele, Marit S. Grimstad, Nils D. Elde, Jens Arne Stautland, Jørgen Knudsen, Øyvind Kyvik

Frå administrasjon: Reidar Ådnanes (vikar kyrkjevevje) , Liv Kari Bru (kyrkjevevje)

I sak 2021/03 møtte byggherreombud Rune Jørgensen

I sak 2021/10 Møtte verneombud Bjarte Aadland

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
2021/01	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste. Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent med følgende endringar: Sak 2021/07 vart trekt.
2021/02	012.1	Godkjenning av referat frå møte 15 desember 2020 Vedtak. Referatet godkjent utan merknader. Samrøystes.
2021/03	411	Tilstandsrapport Stord Kyrkje. Status og framdrift. Vedlegg: Tilstandsrapport Stord Kyrkje 2020 (Akasia) Rune Jørgensen la fram hovedsynspunkta i rapporten. Drøfting. Vedtak: a. Stord kyrkjelege fellesråd tek rapporten frå Akasia til vitande. b. FR ber leiar i FR og kyrkjevevje om å snarast ta kontakt med leiinga i Stord Kommune med tanke på finansiering og framdrift. For FR er det viktig å prioritera trinn 1 i vedlikehaldsprosjektet. c. FR ber om at nødvendig kontakt og avklaring blir gjort mot riksantikvar og sentralkyrkjelege organ. d. FR vil ha saka attende til møte i april når handlingsrommet er best mogeleg klarlagt. Samrøystes
2021/04	411	Tilstandsrapport dørene i Stord. Veggen vidare. Vedlegg: Tilstandsvurdering. Ytterdørene i Stord Kyrkje. Vedtak: Stord kyrkjelege fellesråd tek rapporten til vitande. Tilstandsvrderinga vert gjort kjent for hovedentreprenør. Samrøystes

- 2021/05 046 Årsmelding fellesrådet.**
Vedlegg: Første utkast frå vikar kyrkjeverje.
Vedtak:
 FR tek den førebels årsmelding til vitande og ber om at den vert fullført når rekneskap er avslutta og oppdaterte opplysingar er på plass. Samrøystes
- 2021/06 121 Økonomireglement.**
 Opplysing gitt i møte: Kirkens arbeidsgiverorganisasjon utarbeider ein felles mal for økonomireglement for sokneråd og fellesråd.
- Vedtak:**
 FR ber kyrkjeverje nytte felles mal for økonomireglement og tilpasse den til råda i Stord og Nysæter. Reglementet skal leggst fram til godkjenning i begge sokneråd og fellesråd. Samrøystes
- 2021/07 131 Rekneskapsrapport.**
 Saka kjem attende når rekneskap er avslutta. Saka vart trekt.
- 2021/08 16 Bruk av ubunde fond**
Vedtak:
 FR vedtek å nytte 200 000 av ubunde fond for å balansere budsjettet for 2021.
 kr 150 000 er brutto lønskostnader for vikar kyrkjeverje i 2 mnd i 2021
 kr 50 000 er for å garantere for utgifter i trusopplæringa.
 Samrøystes
- 2021/09 11 Revidert budsjett.**
Vedlegg: Budsjett 2021 -4 justert jan 21
Vedtak: Stord kyrkjeleg fellesråd vedtek revidert budsjettet for 2021 med
følgande endringar i høve til framlegget frå 15.desember.
- a. Løn Undervising 0442 60 % til august. Ny 100% frå august
 - b. Trusopplærer i 70 % heile året (på kap 0441 frå august)
 - c. Litt mindre vikarbruk Nysæter (berre kyrkjetenarvikar på gudstenester)
 - d. Justert opp renteinntekter til ca 51000. (ca 70 000 i 2020)
 - e. Bruk av ubunde fond: 200 000 . Vikar Kyrkjeverje : Brutto ca 150 000 + ca 50 000 til drift
- Samrøyses.

2021/10 22 Personalarbeid og arbeidsmiljø.

Vedlegg: Saksutgreiing (**U.Off § 13**)

Melding frå kyrkjeverje om personalarbeidet. **U. Off- § 13**

Verneombud Bjarte Aadland gav muntleg melding i møte

Vedtak: Meldingane vert tekne til vitande. Samrøystes

2021/11 163 Søknad om lån frå Fredheim.

Medlemmene Dag Sele og Nils Dale Elde sit i styret for kyrkjestova Fredheim. Dei bad om rådet si vurdering av om dei er å rekna som ugild i saka.

Vedtak:

1. Dag Sele og Nils Dale Elde er ugilde i denne saka. Samrøystes.

2.FR vil ha saka attende etter at den har vore til uttale i sokneråda i Stord og Nysæter. Samrøystes. (4 stemmer)

Meldingar / orienteringssaker:

Status Utlysing i trusopplæringa . frist 10.febr 7 søkjarar når søknadsfristen gjekk ut .